

Områdeutvalet for Nordhordland (OUNH)

REFERAT

Tid:	Fredag 01. september 2023, kl 09:00 – 12:00
Stad:	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Alver
Tilstades:	<p>Arbeidstakarorganisasjon: Brukarrepresentant: Evy Knutsen (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland). Hovudtillitsvalt: Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet), Trond Larsen (HVT Fagforbundet) Kommunane: Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Mona Molland (Gulen kommune) Kommuneoverlegerepresentant: Terese Folgerø (kommuneoverlegerepresentant Nordhordland) Fastlegerepresentant: Grete Wold (fastlegerepresentant Nordhordland) Helse Bergen: Alf Henrik Andreassen, Grete Lill Hjartnes, Hans Olav Instefjord, Maria Vollsæter, Haraldsplass: Rebekka Ljosland, Sekretariat: Elena Sandgathe, Kathrin Sætren Omland Observatør: Anita Bjørsvik Kvamme (RNI), Sara Næss Viken (med.student) Ikkje møtt: Åse Therese Nordstrønen</p>
Møteleiar	Oddvin Arne Neset
Referent:	Elena Sandgathe og Kathrin Sætren Omland

Saksnr	
19/23	<p>Godkjenning av innkalling og referat OU 28.04.23 (vedlegg)</p> <p>Referat Områdeutvalget Nordhordland 28.04.2023.pdf</p> <p>Ingen merknadar til innkallinga.</p> <p>Referatet godkjennast med følgande merknader: Mona Molland, Gulen kommune var ikkje med i «til stades» på sist referat. Dette rettast opp.</p>
20/23	<p>Gjennomgang av referat frå SSU 01.06.23</p> <p>Referat Strategisk samarbeidsutval (SSU) 010623 (1).docx</p>

	<p>Gjennomgang av referatet frå siste SSU møte ved Rebekka Ljosland. Løfta opp strategidokumentet og påminning om formsskjema med spørjeundersøking som blei sendt ut 17.august til alle postmottaka i kommunane ang innspel på overordna strategi Helsefelleskapet. Frist for svar er 15.september. Det vart gjennomgått felles handlingsplan. (Vedlegg).</p> <p><u>Innspel:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Sak 19/23 – SSU – Innspel om å starta ei drøfting av tema tvangsbruk i somatikken i MFU for å gi ei meir brei og felles forståing, og for å belyse eit tema som kan være krevjande i samhandling rundt pasient mellom kommunane og sjukehuset. • Pandemikoordineringsgruppa og oppfølging avtalen. Det er planlagt eit nytt møte 29.september der medlemmane i pandemikoordineringsgruppa har blitt kalla inn. <p>Vedtak: Områdeutvalet i Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
21/23	<p>Presentasjon av Pasient- og brukarombodets årsmelding v / seniorrådgjevar Evelyn Grøttveit og rådgjevar Mette Haagensen</p> <p>Kort presentasjon av pasient- og brukarombodets sin funksjon og oppgåver. Pasient – og brukarombode fekk inn 17300 saker i 2022. Det sjåast ei auke på dei som tek kontakt. I hovudsak tar vaksne og eldre kontakt. Men det blir jobba med ei løysing der det blir meir intuitivt og appellerande for yngre pasientar å ta kontakt. Har starta eit samarbeid med Ung.no for å nå den yngre brukargruppa. Via chatt funksjon får dei svar innan 24.timar Pasient – og brukarombodet har ingen slutningsmynde, vedtaksmynde eller gir juridisk bistand. De vegledar enten per telefon eller deltar på dialogmøte. Kommunar kan ta kontakt for meir info om dei ynskjer. Ombodet tek og kontakt direkte med kommunar som treng meir oppfølging. Eksempel på saker er: Vedtak som er lite grunngjeve, korleis kan pasient/brukar klage, for lite info, vedtak som ikkje blir iverksett osv.</p> <p>Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
22/23	<p>Bli kjent med arbeidsfeltet til medlemmane i Områdeutvalet v/ Ass.rådmann Tonje Husum Aarland, Modalen kommune</p> <p>(Vedlegg)</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
23/23	<p>Orientering om innflytting i Glasblokkene hausten 2023</p> <p>(Vedlegg)</p>

	Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og ynskjer Helse Bergen lykke til med flyttinga og dei nye Glasblokkene.
24/23	<p>Orientering frå partane</p> <p>Frå kommunane i Nordhordland:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire av kommunane opplever eit sterkt press på helse- og omsorgstenestene <ul style="list-style-type: none"> - aukande behov i den eldre delen av befolkninga gjev større tilflyt av oppgåver. Samstundes vanskar med å rekruttere helsepersonell som fastlegar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Store hol i turnus pregar arbeidsdagen for mange. Bruk av overtid og innleige av vikarbyrå for å oppretthalde forsvarleg tilbod. - økonomisk utfordrande å få endane til å møtast • Alver er utan Kreftkoordinator pr i dag og stillinga er utlyst. • Info om prosjektsøknad KOMPIS og «Bærekraft på legekontorene». Vedlegg presentasjon. <p>Frå Haraldsplass Diakonale sjukehus og Helse Bergen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Haraldsplass: Fagskolen Diakonova blei opna 28.august. Fagskolen gir tilbod om vidareutdanning for helsefagarbeidar. Diakonova skal tilby utdanningar som svarer på samfunnets behov. Studietilbodet Aktiv omsorg for eldre skal gi kompetanse som er etterspurt i arbeidslivet. • Rusakutten blir flytta frå Bergen Helsehus til Haukeland sjukehus. • Tilbodet om “mobilt røntgen” er blitt avslutta frå HDS. Helse Bergen skal starte dette opp igjen. Dette er et ressurskrevjande tilbod, som i utgangspunktet ikkje er lønnsamt. • Samhandlingsdag Helse Bergen inviterer til Samhandlingsdag 12. Desember. • Fokus på økonomi - «korleis er det totale bildet både frå spesialist og kommune?» er eit viktig fokus – dette bør tas som eiga sak på møte.
25/23	<p>Oppfølging SSU – sak 16/23 - Etablering av FSU (vedlegg)</p> <p>Saken presenterast kort ved Samhandlingssekreteriatet.</p> <p><u>Innspel:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Gruppe “Barn og unge”: Korleis kan vi jobbe med å «bryta ned siloane», og det er et ønske om å ha med representant frå oppvekst sektor inn i gruppa. • Kva personar skal delta i denne gruppa? • Dette er eit fagleg gruppe. • Psykisk helse bør være et tema i de prioriterte gruppene 1 og 3 og. • Ein har behov for ein person med bredde, slik at en kan sjå dei store linjene.

	<ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål om fristen for å melde inn medlem kan utvidast frå den 14. september. <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Områdeutvalet for Nordhordland ber kommunane Oppnemne ein representant til den faglege arbeidsgruppa “Barn og unge” innan 14. September 2023. Evt. må fristen utsettast noko. - Områdeutvalet for Nordhordland tek vedtaket fra SSU om å vidareutvikle referansegruppe frå prosjekt «psykisk helsevern for framtida» til et felles fagleg samarbeidsutval for psykisk helse og rus (vaksne) til orientering. - Områdeutvalet for Nordhordland gir sin tilslutning til at SSU etablerer eit FSU for målgruppa <i>skrøpelege eldre</i>. Det er viktig å prioritera dette. Haraldsplass Diakonale Sykehus melder at dei har eit sterkt ynskjer å delta i dette arbeidet.
	Lunsj
26/23	<p>Samhandling og samarbeid mellom Barne- og ungdomsklinikken og legevaktene, ved Maria Vollsæter (Klinikkdirektør Barne – og ungdomsklinikken)</p> <p>(vedlegg).</p> <p>Vedtak:</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for initiativ til vidare samarbeid om aktuelle problemstillingar, og har flygande innspel til korleis samarbeidet best bør organiserast:</p> <p>Viktig med god informasjon og vegledning ut til befolkninga i periodar med mykje infeksjonar.</p> <p>Fagleg samarbeidsutval for barn og unge vert oppmoda om å setje problemstillinga på dagsorden når utvalet er etablert.</p>
27/23	<p>Møteplan 2024 – OU (vedlegg)</p> <p>Vedtak:</p> <p>Bergen kommune har planleggingsdag 26.januar.2024 bør derfor sjå om datoen bør endrast, elles sluttar Områdeutvalet i Nordhordland seg til forslag til møteplan for 2024.</p>
28/23	<p>Eventuelt –</p> <p>Ingen saker på eventuelt.</p>